



KUNNSKAPSDEPARTEMENTET

Postboks 8119 DEP
0032 OSLO

Dykkar ref

Vår ref

2023/12136-BJUB

Dato

24.08.2023

Regjeringa sitt arbeid for å auke FoU i næringslivet – innspel frå Universitetet i Bergen

Universitetet i Bergen (UiB) takkar for høvet til å gi innspel til regjeringa sin strategi for å auke FoU-innsatsen til næringslivet. Hurdalsplattformen set ambisiøse ressursmålet for norsk forskning. Treprosentmålet i forskingspolitikken skal vidareførast og regjeringa meldte allereie då at det vil bli laga ein eigen strategi for korleis utgifter til forskning og utvikling i næringslivet skal utgjere to prosent av brutto nasjonalprodukt (BNP) innan 2030.

UiB er positive til at regjeringa vil utarbeide ein strategi for å auke FoU-innsatsen til næringslivet. Det er naudsynt med ei sterkare satsing på forskning, utvikling og innovasjon i Noreg, både frå offentleg sektor og næringslivet. Målet må vere auka investeringar og meir forskingsaktivitet av høg kvalitet. Det er viktig at ei satsing på forskning i næringslivet skjer samtid med ei styrking av grunnmuren i norsk akademia: universitet med stor breidd, med sterk kvalitet, med grunnforskning og med forskingsbaserte utdanningar som leverer analytisk sterke, sjølvstendige og kompetente kandidatar til arbeidslivet.

Det er i dag vel dokumentert at universiteta allereie samarbeider tett med næringslivet og at det er gjennom grunnleggjande forskning at dei største samfunnsmessige innovasjonane blir skapte. Sjølv om større samfunnsomstillingar, som overgangen til ein meir berekraftig økonomi krev at ulike samfunnsaktørar trekkjer i same retning for å nå konkrete mål, må næringslivet også bidra til at den grunnleggjande forskinga ved universiteta blir styrkte.

Kva gjer mogleggjer/avgrensar investeringa næringslivet har i forskning og utvikling i Noreg?

BNP-målet er ein internasjonalt brukt indikator på kunnskapsintensiteten i samfunnet, og skal gi ein indikasjon på omstillings-, innovasjons- og vekstevne til eit land. Balansen mellom privat og offentleg innsats varierer ut frå ressursgrunnlag og næringsstruktur i kvart einskild land. Den norske næringsstrukturen er prega av mange små og mellomstore bedrifter, med vekt på tenesteytande næringar og elles store eksportinntekter frå råvarebaserte næringar. Dessutan er meir verksemd organisert i offentleg regi i Noreg enn i mange andre land. I Noreg har det vore brei politisk semje om ei offentleg satsing langt høgare enn i ein del andre land. Ein følgje av dette er at det kan stillast spørsmålsteikn ved kor realistisk det er å

nå eit konkret mål om to prosent FoU-investeringar frå næringslivet, men målet om auka investeringar frå næringslivet må likevel stå ved lag.

Eit sterkare samarbeid mellom næringslivet og universiteta må vektleggje ein meir heilskapleg politikk som ser kompetanse, kunnskap og næringsutvikling i samanheng. I arbeidet med å auke investeringane frå næringslivet bør Noreg prioritere område der vi har særlege nasjonale fortrinn med solide og relevante forskingsmiljø. Samtidig vil ei satsing på forskning høg kvalitet auke mogelegheitene for å vidareutvikle eksisterande og nye næringar framover.

Korleis treff dagens rammevilkår og verkemiddel ambisjonen om å auke FoU i næringslivet?

Eit særleg viktig tiltak for å styrke forskingsinnsatsen i næringslivet må vere å kople FoU-verkemiddel, heilt frå grunnleggjande forskning til innovasjon og verdiskaping enda sterkare saman. Forskningsrådets SFI- og FME-ordningar er gode døme på slike verkemiddel. Støtte til desse ordningane og til infrastruktur som kan delast, er tiltak som treff godt fordi finansieringa av sentera er langsiktige og byggjer opp om innovasjon basert på solid, fri forskning, inklusive forskarutdanninga. Dette er eit verkemiddel som lukkast fordi det set forskinga i førarsete, samtidig som den er i eit forpliktande samarbeid og samspel med næringsaktørar.

UiBs hovudinnspel til regjeringa for å styrkje forskinga i næringslivet er å prioritere offentlege forskingsmiddel for å byggje langsiktig samarbeid mellom universitet, forskingsinstitutt, det offentlege og næringslivet. Sats på verkemiddel

- som byggjer langsiktige samarbeidsrelasjonar mellom forskning og innovasjon og aktivt byggjer opp om kjeder som skaper meirverdi både for vitenskap og for næringsliv og offentleg sektor, SFI, FME
- som har god balanse mellom tema der Noreg er vurdert til å ha særlege nærings- eller kunnskapsmessige føresetnadar og på næringsnøytrale verkemiddel som bygger på kvalitetskriterium
- som forpliktar næringslivet til å samarbeide med forskingsinstitusjonar
- som har forskingspotensial. Eigne utviklingsprosjekt nære kommersialisering bør næringslivet kunne finansiere sjølve
- der forskingsresultata kan kome fleire til gode og som sikrar at offentleg innsats blir forsterka og ikkje fortregjer privat innsats (addisjonalitet)
- for viktige kompetansebyggjande tiltak for eit meir utstrekt forskningssamarbeid; satsing på ph.d.-utdanninga

Andre tiltak

Legge til rette verkemiddel for å utvikle nye næringar og område som ikkje tidlegare har vore forskingstunge. Eksisterande verkemiddel verkar ofte til å forsterke skiljet mellom forskingsintensive næringar og andre. Dei store senterordningane som legg til rette for samarbeid mellom næringsliv og forskingssektoren (SFI og FME) bidreg i stor grad til å finansiere sektorar som allereie er forskingstunge, som petroleumsindustri og energisektoren utanom petroleum, marin- og maritime næringar mm. Sjølv om desse er viktige både for akademia og næringslivet, kan terskelen for å inngå samarbeid i slike konsortium vere for høge for små og mellomstore bedrifter i «nye» næringar. Strategien bør finne tiltak som gjer det lønsamt for dei nye næringane å investere i forskning, og inngå samarbeid med

forskningsinstitusjonar. I mange tilfelle kunne Forskningsrådet sin satsing på kompetanse- og samarbeidsprosjekt (KSP) vere meir tilgjengelege for slike «nye» næringar.

Avanserte forskingsinfrastrukturar er heilt sentrale for å utvikle erfaringsbasert vitenskap. Større forskingsinfrastrukturar er i stor grad samarbeidsprosjekt mellom universitet og forskingsinstitutt på nasjonalt og internasjonalt nivå, og kan vere eit naturleg område for meir samarbeid mellom næringsliv og akademia. Desse ressursane er avgjerande for forskinga innan mange fagfelt, også for forskingsbasert innovasjon og nyskaping. UiBs kunnskapsklyngjer er døme på opne, internasjonale møteplassar mellom næring og akademia, og som gjennom infrastruktur, innovasjonsaktivitetar og rekruttering av talentar, samhandlar med samfunns- og næringsliv innanfor tematisk avgrensa område.

Kva behov for kompetanse har næringslivet for å auke strategisk bruk av forskning og utvikling? Og kva slags kompetanse treng forskarar for å styrkje samarbeidet med næringslivet?

Ein føresetnad for å auke FoU-innsatsen til næringslivet er tilstrekkeleg tilgjengelege forskarar og anna kvalifisert arbeidskraft som kan gjennomføre forskingsaktivitetar og som evnar å ta i bruk ny kunnskap frå forskingsmiljøa for verdiskaping i næringslivet. Gjennom samarbeidsprosjekt med kunnskapsmiljøa får næringslivet tilgang til den internasjonale forskingsfronten som bidrar til kompetanseutvikling av næringslivets eigne tilsette.

Tiltak

Sterkere satsing på ph.d.-utdanning. Den største ressursen til universiteta er folk og kunnskap. Mange ph.d.-kandidatar held fram eigen karriere i arbeidslivet utanfor akademia. Det trengst ei satsing på ph.d.-utdanning for å få fleire med forskingskompetanse i næringslivet. Å tenke på nye modellar for samarbeid (t.d. delte stillingar eller tidsavgrensa permisjonar for å jobbe i ei bedrift) kan vere eit grep. Også her kan ei større satsing på etablering av forskingssenter som SFI og FME vere viktig. Nærings-PHD og offentleg sektor-PHD er eit anna verkemiddel for å auke forskarkompetanse utanfor akademia. Omfanget av slike prosjekt er ikkje veldig stort, og har potensiale for vekst.

Venleg helsing

Margareth Hagen
Rektor

Tore Tungodden
universitetsdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskrevne signaturar.